

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

5

Fylke: *Vest- og der.*

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: *Gyselebø*Emne: *Vassbering.*

Bygdelag:

Oppskr. av: *Erik Skjæveland.*Gard: *Skjæveland.*(adresse): *Gyselebø*

G.nr. 82 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskriften er etter eiga røynsle. *Det eg her set og kjenner til.*

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Bering av vahn med vassåk og tov byttar var onykje brukt her i bygdene før i tida. Namn: åg. Det kvilte på begge shuldrane, hadde ulhola opening for halsen og var utskore so det fall godt etter hals og skuldrar. Eg her ikkje set anna enn jemlekkje og jemkrokar brukt i åket, men gjeng ut frå at vidjar var brukt slikegare - liksom vel som til huband, spennar og hellar (folkhell til hesten). Etter 1910-15 er det sjeldan eg her set åket i bruk.

2. Slik vassbering som nemnt under dette punkt her eg ikkje set. Eit slikt lagga har med to øyne kollar ein ei balje eller ei vassbalje. Brukar ein eit balja til klavash, blir det klabalje. Her set du her haft i ein tunnole eller ei stor knuffis for å hindra skulping, men ikkje alle brukte det.

3. Sumre brukte vanlege skiv til å setja vasskaret på og skuva når dei lykte det var for tungt å bera når det var snø.

4. Det var helst kona, tenestegjenten eller barna som bar vahn. Elles skilde det

mykje kor hjelpsame mennene eller  
di vaksne karane var - eller ikkje var  
og kor travelt dei hadde det med skog:  
arbeid, høyköyring o.sli. Det var tungt  
å bera vatn. Ein hadde i kjenste av  
at armene blei lengre og lengre etter  
kvart av all denne vassberinga, når  
ein var utan åk - noko som var likeo  
mykje brukt. Ordaket: det er gagnleg  
å bera åk i ungdommen, er vel kjent.  
Då shulde ein ikkje vera redd for tun-  
ge tak, shulde trena seg, fekk det lettare  
i alderdommen.

5. Som nemnt mest ikkje brukt no.

Under turken i fjor (1947) såg eg åket i bruk,  
dei hadde til og med måtte laga seg  
eit mykt for hovet. Sjølv har eg åk og  
flere gamle vidshap og ting i mitt  
viele gardsmuse. På småbruk og hus-  
mannsplassar var nok åket lengst i  
bruk.

6. Köyring av vatn bare når det blir  
vanleg kurt um sumaren eller når  
springvatnsleidninga og kjelder frys-  
til i særleg halde vintrar.

7. Dei fleste har det i orden med spring-  
vatn eller pumpa til fjøs og kjøkken.  
Sume må bera vatn når det er kurt  
um sumaren eller det frys um vinteren.  
Men elles er det noko mykje vassber-  
ring i bygdene emne, dverre. Eller of-  
fentleg oppslak er det vold nemndar i  
mange kommunar til å få skikke på  
vatnsporsmalet. Under pht. 5 er her lenkt  
pa berig med åk når det er svart som  
ovantof.